

**GEIR GUNDERSEN NY FORSTANDER VED DIAKONHJEMMET**

## **Diakoni uten djupnedimensjon blir masete aktivisme**



**– Dersom det konkrete samfunnsengasjementet ikkje har ein djupnedimmensjon, vert det lett masete aktivisme og ein går før eller seinare trøtt. Dette har vi sett. Vi har sett store deler av den sterkt samfunnsengasjerte generasjonen frå 60 og 70 talet gå trøtt, seier Geir Gundersen, som nylig har sagt ja til stillinga som forstander ved Det norske Diakonhjem.**

Diakonhjemmets hovedstyre vedtok på sitt møte 1.2. 1986 å kalla Geir Gundersen til forstander ved Det norske Diakonhjem. Geir Gundersen har tatt imot kallet og utfordringa. Han vil fullføra arbeidet sitt som leiar av Bibelselskapet sin Bibelaksjon og byrjar i stillinga som forstander ved Det norske Diakonhjem 1. mars 1987.

**– Er ikkje avstanden mellom Bibelmisjonsleiinga og diakonien vel stor?**

– Det er blitt stadig viktigare for meg å reflektere over samanhengen mellom kjærna i den kristne trua og det konkrete livet i kyrkje og samfunn, svarar Geir Gundersen. Som menighetsprest har eg levd 8 år i eit nord-norsk lokalmiljø som eg etter-

kvart lærde godt å kjenna. I den perioden vart forkynninga ei hovedsak for meg, sjølvé hjørnestenen i min identitet som prest. Ein skulle kanskje tru at dette var bort frå diakonien, men det er snarare tvert om. Slik eg ser det står kyrkja sin diakoni overfor den utfordring å kaste seg ut på djupet i to retningar. Først innover mot sentrum i den kristne

trua, mot dei kjeldene som gir trua liv og innhald. Så utover mot handlingsplanet i kyrke og samfunn.

**– Men her må vi vel vere forsiktige?**

– Tvert om her kan vi korkje gå for langt innover eller for langt utover. Utfordringa er å bevege seg heile tida, og samstundes, i begge retningar. Ein treng ikkje vere teolog for å erkjenne at motivasjon og livssyn er avgjerande for det som skjer på handlingsplanet. Dersom det konkrete samfunnsengasjement ikkje har ein djupnedimensjon, vert det lett masete aktivisme og ein går før eller seinere trøtt. Dette har vi sett. Vi har sett store deler av den sterkt samfunnsengasjerte generasjonen frå 60 og 70 talet gå trøtt.

– For kyrkja gjeld det å vera forankra i trua på den treeininge Gud. Det er berre med ei slik forankring at kyrkja verkelig kan gje noko til samfunnet. Samstundes kan det trygt seiast at kyrkja har eit godt stykke igjen når det gjeld å stille oppfor medmenneske både med evangeliet, solidaritet og nestekjærleik. Det er eit kriseteikn når kyrkja har nok med livet innafor sine eigne grenser og store ressursar går med til grensevakt.

– Det er ein fare for at diakonien kan miste sin identitet på grunn av manglende kontakt med kjeldene. Men det er også ein fare for at enkelte av diakoniens gjerningar blir borte i ein diskusjon om kva diakonien skal vere. I menighetsarbeidet har eg også sett korleis diakonien sit fast i djupe tradisjonsspor. Det er uhyre vanskeleg å få den opp og ut av dei spora slik at den kan utvikle seg frå hovedsakeleg eldrearbeid til omsorgsarbeid på alle plan. Utfordringane er mange både frå barn, ungdom, åleineforeldre, nyfattege og andre utsette risikogrupper i samfunnet. Vi manglar ikkje kunningskap om dette. Utfordringa no er å utvikla den praktiske diakonien slik at den blir synleg i lokalmiljøet og det over eit langt breiare spekter enn før. Geir Gundersen har snakka seg varm og vi let han fortsetta.

– Eg ser klare samanhengear med nåværende jobb som bibelmissjonsleiar og forstanderstillinga ved Diakonhjemmet. Den stillinga eg no har, går ut på å åpne sjølv hovedkjeld og få menneske til å sjå dei rikdommane som ligg der for den som vil ause direkte frå livets bok. Kan diakonien vere einsidig og smalspora, så er sanneleg det same tilfelle med vår bibelbruk. Møte med kristne i den 3. verda har be-

med alle partar på denne rike og samansette institusjonen.

**– Etter dine erfaringar som menighetsprest, er det plass for diakonien i norske menigheter?**

– Eg er heilt overtydd om at den kristne menighet som fellesskap har heilt unike muligheter i forhold til sitt lokalmiljø. Som menighetsprest hadde eg ei sterk oppleving av det tette tilhøret som kyrkja har til det norske samfunn også på lokalt nivå. Det er eit tragisk missforhold mellom muligheter og behov, og det vi har vore i stand til å utvikle, avslutar Geir Gundersen som stadig kjem attende til utfordringane som alleide har pirra og inspirert han.

---

## Av Leif Kjell Askeland

---

tydd enormt mykje for meg. Eg har sett korleis Bibelen har inspirert menneske, som på ein heilt annan måte enn oss stoler og satsar på krafta i Guds eige ord. Og ikkje er redde for å spørja etter dei samfunnsmessige konsekvensane av bodskapen i Bibelen. I norsk kristenliv er vi flinke til å erklære bibeltruskap, vi held Bibelen for Guds ord sjølv om vi i praksis ikkje har særleg forhold til denne boka. 11 % av dei som kallar seg personleg kristne les aldri i Bibelen, sier bibelmissjonsleiaren, og viser til ei undersøkning som er gjort. For han er visjonen for kyrkja sin diakoni at han skal pendla mellom sabbat og kvardag, mellom bøn og arbeid, gudstjeneste og nestekjærleik. Dette ser han som ein grunnpuis som han ynskjer skal prega Diakonhjemmet og. Vi vågar oss til å avbryte og spør rett ut:

**– Var det vanskeleg valg då du fekk forespørselen og kallet til forstanderstillinga ved Diakonhjemmet?**

– Det var eit vanskeleg valg. Eg har berre vore i stillinga her i Bibelselskapet i 1 1/2 år. Da eg vart beden om å søykje, avviste eg difor det. Men det skjedde ein del ting både på det personlege plan og i samtalar. Personleg fekk eg gjort meg ferdig med det problematiske og kom til at dersom Diakonhjemmet sitt hovedstyre kalla, så ville eg sjå på det som eit Guds kall og svara ja, og gjere det med stort frimot. Når gler eg meg til å koma og bu på Diakonhjemmet, og samarbeide

## BØKER:

**«Bibelverket, Salmenes bok»**, Klara Myhre, Jens Olav Mæland og Karsten Valen. Luther Forlag, Karsten Valen. Luther Forlag, Lunde Forlag. – Vi ønsker at denne kommentaren må gi tenkende og troende bibellesere innsikt og hjelp til å forstå og tro salmenes budskap, skriver de tre forfatterne, som har det håp at salmetekstene også skal bli bønn til Gud for leseren. I dette første bind er salme 1-72 tolket og kommentert. Hvem har ikke møtt mennesker i nød, i krise og innenfor døden, som nettopp har funnet håp og trøst i en salme.

Med den kjærlighet til tekstene, som denne kommentaren er skrevet, skulle boken trygt kunne anbefales selv til slitte sjælesørgere. (Den er ikke skrevet som tørt eksamsstoffs for grunnfagsstudenter).

**«En sang for den lyse dag»**, Georg S. Geil. Luther Forlag. Andaktsbok med en andakt for hver dag året gjennom. – Vi lever i en verden hvor vi så altfor lett får øye på døden og mørket, skriver forfatteren i forordet og håper at boken måtte formidle noe av evangeliets budskap om lyset og livet.